



Stadanalyse vil truleg omfatta heile området frå Børnes til Korsnes (Foto: Egil Høgemark)

**På mandag vert det ope møte i dialogforumet.
Møtet startar kl 1900 på Gamleskulen, og vil i hovudsak vere eit informasjonsmøte om stadanalyse.
I tillegg kjem Sveinung Pile for åorientere om status for Festidalen.**

Dei som sit i dialogforumet voner at mange uskedelingar finn tema interessant, og at mange finn vegen til Gamleskulen denne kvelden. I og med at dialogforumet tidlegare har vore noko mannsdominert, vert spesielt kvinner oppmoda om å møte. Mannen kan passe ungane, og kanskje kan han vaske golvet samstundes. Det er ikkje synd på han, det er sikkert hans tur.

Frå Kvinnherad kommune kjem Tormod Fossheim, verksemdsleiar for samfunnsutvikling, han vil orientere om innhald og prosess i ei stadanalyse, og han vil freiste å synleggjere kva dette kan bety for Uskedalen. Som døme nyttar han stadanalysen som vart gjort på Husnes.

Ei stadanalyse kan danne eit grunnlag for kommunal arealplanlegging, som ledd i lokalsamfunnsutvikling og som sjølvstendig diskusjons- og kunnskapsgrunnlag. På denne sida kan ein lese informasjon frå regjeringa om kva ei stadanalyse er: <http://www.regjeringen.no/nb/sub/stedsutvikling/din-veileder-3/stedsanalyser.html?id=524610>

Utgangspunktet for ei stadanalyse i Uskedalen er heile området frå Børneset til Korsnes, og arbeidet kan bety mykje for m.a. sentrumsutviklinga.

Interesserte kan sjå stadanalysa som vart laga for Mauranger her:

<http://www.mauranger.no/files/Reguleringsplanar/Stadanalyse.pdf>

Her kan ein lese om stadanalysen i Tyssedal:

<http://www.riksantikvaren.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=1349>

Av Bjørn Olav Tveit